



Vestland fylkeskommune
Kommunane i Vestland
Private skular

Saksbehandlar, innvalstelefon
Celine Lunder, 5764 3106

Dronning Sonjas skulepris 2023

Statsforvaltaren i Vestland har fått i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet å nominere skular i Vestland fylke til Dronning Sonjas skulepris. Prisen deles ut annakvart år til ein skule som har utmerka seg gjennom å praktisere likeverd og inkludering. Nominasjon av skular er med på å synleggjere og anerkjenne deira gode arbeid.

Statsforvaltaren ber om at skuleeigarar oppmodar skulane til å lansere seg som kandidatar til Dronning Sonjas skulepris. Skuleleiinga kan fremje aktuelle kandidatar blant grunnskulane og vidaregåande skular. Det er mogleg å nominere skular frå heile grunnopplæringa.

Kriteriene for Dronning Sonjas skulepris

- Skulen arbeider langsiktig, systematisk og kunnskapsbasert med elevanes læringsmiljø.
- Skulen praktiserer likeverd og inkludering på ein slik måte at kvar enkelt elev opplever å bli verdsett i eit miljø som er prega av medverknad, tryggleik og fellesskap.
- Skulen er kjenneteiknet ved å ha positive relasjonar mellom elevane og dei tilsette, elevane imellom, i tillegg til eit godt samarbeid mellom skule og heim.

Det er ikkje eit krav om at skulane må vere i mål med dette arbeidet. Skular som er i gode prosesser mot å nå måla kan også nominerast.

Dronning Sonjas skulepris delast etter planen ut av Hennar Majestet Dronning Sonja på vinnarskulen 30. november 2023. Vinnarskulen får 250 000 kroner, diplom og eit kunstverk utforma av Dronningen. Alle nominerte skular får eit diplom, som utmerking for at dei er valde som gode representantar frå fylka.

Nominasjonsprosessen

Skjema for å melde kandidatar og meir utfyllande informasjon om prisen finn ein på Utdanningsdirektoratet sine nettsider: <https://www.udir.no/dronningssonjasskolepris>
Det er mogleg å melde inn kandidatar frå tidlegare år.



Skjema må skrivast ut og sendast til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger eller som vedlegg i e-post til sfylpost@statsforvalteren.no. Merk med *Dronning Sonjas skulepris 2023*.

Vi oppmodar skuleeigar/skular om å sende inn forslag til kandidatar innan **16. august 2023**.

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Celine Lunder
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent